

Søknad

Søknadsnr.	2014-0267	Søknadsår	2014	Arkivsak
Støtteordning	Tilskot - nærings- og samfunnsutvikling			
Prosjektnavn	KARRIEREDAG 2015 SOGNDAL			

Kort beskrivelse

Høgskulen har, saman med Framtidsfylket, arrangert karrieredag i Sogndal dei siste åra. Målgruppa har vore studentar, unge arbeidssøklarar, offentleg og privat arbeidsliv. Bakgrunnen for dagen er å skapa ein møtestad der studentane/dei unge arbeidssøklarane kan møte interessante arbeids-gjevarar frå Sogn og fylket elles.

Prosjektbeskrivelse

Sidan 2007 har Framtidsfylket organisert fylkesdekkjande næringslivsmesser i studiebyane Trondheim, Oslo og Bergen. Framtidsfylket har i stor grad lukkast med å skapa interesse og deltaking på desse messene desse seks åra.

Høgskulen har gjennom mange år arrangert ulike karrieredagar for studentane i Sogndal og Førde. Innhaldet har vore jobbsøkekurs, informasjon om vidare studium og stands med deltaking frå offentlege og private arbeidsgjevarar i fylket. Deltakinga og oppslutning frå studentar og næringsliv har vore varierende.

Dei siste åra har Høgskulen i Sogn og Fjordane og Framtidsfylket i lag organisert ein felles karrieredag i Sogndal. Samlingane har vore vellukka både med omsyn til stor studentdeltaking og mange bedrifter. Vi er no godt i gang med arbeidet å planleggje ein ny karrieredag i Sogndal. Arrangementet skal igjen vera ein møteplass for arbeidsgjevarar og unge og/eller kommande arbeidstakarar i Sogn og Fjordane. Karrieredagen vert lagt til det nye Høgskulebygget i Sogndal og tidsmessig har vi flytta frå september til januar. Dette for å unngå praksisperiodar og såleis få med enno fleire studentar. Tid for arrangementet er onsdag 14. januar 2015.

Framtidsfylket vil gjerne vise fram Sogn og Fjordane som eit spanande bu- og arbeidsområde og vise døme på interessante jobbar. Høgskulen er opptatt av å gi studentane sine innblikk i karriere-moglegheiter i fylket og vidareutdanningsmoglegheiter i og utanfor fylket. Målgrupper for karrieredagen er høgskulestudentar i Sogndal og Førde, unge arbeidstakarar og representantar frå offentleg og privat næringsliv frå heile Sogn og Fjordane. Etter vår vurdering er ein slik arena i Sogn og Fjordane høgst nødvendig.

Mange bedrifter, særleg dei utanfor Sogn, er lite orientert om høgskulen sine utdanningar og kva relevant kompetanse kandidatane har. Det er difor viktig å nytta høvet til å informera standhaldarar om dette. Karrieredagen vil såleis også vera ein arena for informasjon til næringslivet og det offentlege Sogn og Fjordane om kompetansemiljøet i og rundt høgskulen.

Det krev økonomiske ressursar og stor innsats å organisere ein karrieredag av denne storleiken. Ikkje

berre skal vi laga eit program som er attraktivt for studentane, men å rekruttere kommunar, offentlege etatar og private bedrifter til å delta med stand er svært arbeidskrevjande. Framtidsfylket har god kontakt med det private næringslivet i fylket. Det er også svært viktig å få med offentlig sektor i Sogn og Fjordane med på denne dagen. Høgskulen utdannar mange til denne sektoren, til dømes helse- og sosialarbeidarar, førskulelærarar og lærarar.

Med Framtidsfylket sitt nettverk, høgskulen sin arrangementskompetanse, samt tilstrekkelege personal-ressursar for å følgja opp, vil vi kunne lukkast med å skape eit godt arrangement til nytte for både studentar og dei som søker arbeidskraft.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Høgskulen i Sogn og Fjordane Org.nr:974246724	Røyrgata 6 6856 SOGNDAL	90880755
Kontakt- person	Terje Vatlestad	Røyrgata 6 6856 SOGNDAL	90880755
Prosjekt- leder	Terje Vatlestad	Røyrgata 6 6856 SOGNDAL	90880755

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Dei tre føregåande karrieredagane i samarbeid med Framtidsfylket har fått tilskot frå fylkeskommunen (kr 65.000 årleg) og Sogn Næring (2011: kr 100.000, 2012: kr 25.000 og 2013: kr 25.000).

For 2015 søker vi Sogn Næring om kr 25.000 og Sogn og Fjordane fylkeskommune om kr 65.000.

(Vi har ikkje arrangert karrieredag i 2014, grunna flytting frå haust til etterjulsvinter).

Spesifikasjon

Bakgrunn

Sogn og Fjordane treng folk med høgare utdanning, og det er viktig for fylket og vere synlege slik at vi får marknadsført kva moglegheiter som finns i Sogn og Fjordane. Dette er bakgrunnen for Framtidsfylket sitt arbeid.

Høgskulen i Sogn og Fjordane uteksaminerer årleg mellom 450 – 500 kandidatar på bachelor- og masternivå. Halvparten av desse har vakse opp i Sogn og Fjordane. Ungdommane utgjør ein stor ressurs for fylket, ein ressurs høgskulen arbeider for å kople betre opp mot næringslivet i Sogn og Fjordane. I tillegg møter vi mange tilflytta ungdommar som allereie har gjort eit viktig val, nemleg å studere i Sogn og Fjordane. Fleire av desse vil ha positive kjensler for fylket allereie gjennom ei god studietid, og kan vere nysgjerrige på arbeidsmarknaden i Sogn og Fjordane.

Prosjekt mål

Framtidsfylket vil gjerne vise fram Sogn og Fjordane som eit spanande bu- og arbeidsområde og vise døme på interessante jobbar. Høgskulen er opptatt av å gi studentane sine innblikk i karriere-moglegheiter i fylket og vidareutdanningsmoglegheiter i og utanfor fylket.

Forankring

Prosjektet er forankra i både Høgskulen i Sogn og Fjordane og Framtidsfylket sine klart definerte samfunnsoppdrag.

Prosjektorganisering

Høgskulen er eigar av prosjektet, men deler prosjektleiinga med Framtidsfylket. Vi samarbeider tett med Studentparlamentet ved høgskulen for å få innhaldet i messa spissa mot studentgruppa.

Vidare er Kunnskapsparken Sogn og Fjordane ein viktig samarbeidspartnar, samt kommunar og næringsutviklingsselskap i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.

Samarbeidspartnere

Høgskulen i Sogn og Fjordane i samarbeid med Framtidsfylket (hovudsamarbeidspart), Studentparlamentet i Sogn og Fjordane, Kunnskapsparken Sogn og Fjordane, Adecco, kommunar i fylket og næringssekselskapa i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.

Aktivitetar

Førebels jobbar vi ut i frå denne prosjektskissa:

- klokka 10.00 Presentasjon for standhaldarar
- klokka 10.30 Registrering og kaffi
- klokka 11.00 Formell opning av Karrieredagen. Kulturinnslag
- klokka 11.15 Standbesøk med interessante arbeidsgjevarar, mingling og mat

I løpet av dagen vil det parallelt gå eit program med bedriftspresentasjonar, tidlegare høgskulestudentar, gründerar og konkurransar

- klokka 12.00 Jobbsøkeseminar 1
- klokka 13.30 Jobbsøkeseminar 2
- klokka 15.00 Motivasjonsforedrag med Erik Thorstvedt. Kulturinnslag
- klokka 16.00 Avslutning av messa

Vi håpar å samle meir enn 500 gjester til arrangementet

Målgrupper

Målgrupper for karrieredagen er høgskulestudentar i Sogndal og Førde, unge arbeidstakarar og representantar frå det offentlege og privat næringsliv frå heile Sogn og Fjordane. Etter vår vurdering er ein slik arena i Sogn og Fjordane høgst nødvendig.

Resultat

Næringsliv og offentlege etatar i fylket skal rekruttere kompetente ungdommar utdanna ved høgskulen/ungdommar utdanna andre stader og som står ved inngangen til ei yrkeskarriere i Sogn og Fjordane

- Næringsliv og offentlege etatar i fylket får visa fram spanande jobbar og jobbmiljø som finst i Sogn og Fjordane for nyutdanna studentar og unge arbeidstakarar

Effekter

Sogn og Fjordane treng folk med høgare utdanning, og det er viktig for fylket å vere synlege slik at vi får marknadsført kva moglegheiter som finst i Sogn og Fjordane.

Høgskulen i Sogn og Fjordane uteksaminerer årleg mellom 450 – 500 kandidatar på bachelor- og masternivå. Halvparten av desse har vakse opp i Sogn og Fjordane. Desse ungdommane utgjer ein stor ressurs for fylket, ein ressurs høgskulen arbeider for å kople betre opp mot arbeidslivet i Sogn og Fjordane. I tillegg vil vi møte mange tilflytta ungdommar som allereie har gjort eit viktig val, nemleg å studere i Sogn og Fjordane. Dei fleste av desse vil ha positive kjensler for fylket allereie gjennom ei god studietid, og kan vere nysgjerrige på arbeidsmarknaden i regionen og fylket.

Karrieredagen i Sogndal skal skapa ein møteplass mellom private og offentlege arbeidsgjevarar og unge og/eller kommande arbeidstakarar i fylket.

Effekten av dette møtet skal vera at mange kompetente ungdommar blir verande i Sogn og Fjordane etter utdanning.

Tids- og kostnadsplan

Tidsplan

2014 April-mai: Første planleggingsmøte

2014 Juni: Innsal av standplassar startar

2014 September-november: Planlegging og førebuingar

2015 Januar: Gjennomføring

2015 Februar: Evaluering

For å kunne realisera Karrieremessa i Sogn og Fjordane vil det bli naudsynt å laga eit spleiselag. Den totale budsjetttramman er kr 480.000.

Høgskulen og Framtidsfylket meiner at prosjektet er viktig for både næringslivet og kommunane i Sogn og Fjordane, fylkeskommunen og andre offentlege etatar i fylket.

Karrieredagen er spesielt viktig for Sogndal, sidan arrangementet er lokalisert til bygda og målgruppa primært er studentar og unge arbeidstakarar i bygda og nabokommunane, med regionalt næringsliv og offentleg arbeidsliv på tilbydarsida.

Kostnadsplan

Tittel	2014	2015	2016	2017	2018	SUM
Adm utgifter/lønn, telefon, reiser m.m.	300 000					300 000
Arrangement	40 000					40 000
Marknadsføring	40 000					40 000
Program i plenum	100 000					100 000
Sum kostnad	480 000					480 000

Finansieringsplan

Tittel	2014	2015	2016	2017	2018	SUM
--------	------	------	------	------	------	-----

Eigendel bedrifter/stands	215 000	215 000
Framtidsfylket	15 000	15 000
Høgskulen	110 000	110 000
Sogndal kommune v/Sogn		
Næring	25 000	25 000
Sponsorar	50 000	50 000
Tilskot - nærings- og samfunnsutvikling	65 000	65 000
Sum finansiering	480 000	480 000

Geografi

1400-Sogn og Fjordane, 1420-Sogndal

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato